

Studentaktivering ved posterpresentasjon av forskningsprosjekt

Avsluttande oppdrag, Basismodul i universitetspedagogikk (UPED620)

Stian Knappskog, Klinisk institutt 2.

Bakgrunn og setting

Forskeskolen i klinisk medisin vart etablert i 2005 og er eit samarbeid mellom klinisk institutt 1 (K1), klinisk institutt 2 (K2) og Haukeland universitetssjukehus (HUS). Dei uttalte formåla til skulen er å gi PhD-studentar og post doktorar betre rettleiing og opplæring innan klinisk forskning, etablere nettverk for kliniske forskarar, og å auke forståelsen av klinisk forskning blant helsepersonell, helsemyndigheter, politikarar og den generelle befolkninga. Forskarskulen har eit styre samansett av seniore representantar frå desse tre einingane, medan det praktiske arbeidet i stor grad vert styrt og utført av PhD-stipendiatar som har dette som ein del av PhD-utdanninga si.

Unge forskarar (PhD studentar og post doktorar) i dei kliniske miljøa er i stor grad tett knytte til eigen seksjon (UiB) og / eller sykehusavdeling (HUS), og til eiga forskingsgruppe. Det store fleirtalet held til på Haukeland universitetssjukehus-campus, som er svært stor, og den fysiske avstanden mellom grupper er ei barriere for daglig kontakt. Dette medfører at spontan / uplanlagt interaksjon mellom stipendiatar / post doktorar frå ulike grupper og miljø vert relativt avgrensa. I tillegg til å tilby kurs og faglig utvikling, er kanskje den viktigaste rolla til forskarskulen å skape både formelle og uformelle møteplassar for unge forskarar. Hovudmålsettinga med dette er å skape eit felles læringsmiljø innafor campus, og såleis skape ei sosiokulturell læringseffekt som er alternativ / komplementær til det stipendiatar og post doktorar får innad i sine respektive forskingsgrupper og fagmiljø.

Aktivitetane som vert arrangert av forskarskulen kan i hovudsak delast i fire. 1) Det vert tilbode kurs og utdanning, som PhD-studentar kan ta og som gir studiepoeng som kan nyttast i opplæringsdelen av ei PhD-grad. 2) Det vert arrangert nettverkslunsjar der PhD-studentar og post doktorar kan holde uformelle presentasjonar av eiga forskning og diskutere med kollegaer på eige nivå. 3) Det vert arrangert seminarseriar, der seniore foredragshaldarar er invitert (gjerne internasjonale). 4) Det vert helde eit årlig arrangement, Årets forskingspresentasjonar, der alle som har presentert ein poster eller helde eit foredrag på ein nasjonal eller internasjonal konferanse, i løpet av det føregåande året, vert invitert til å gjenta presentasjonen (jfr. meir detaljert skildring av dette arrangementet under).

Setting for tiltaket som er skildra i denne oppgåva er punkt 4 ovanfor. Blant dei ulike aktivitetane ved forskarskulen er presentasjonar av forskningsprosjekt sterkt vektlagt. Dette arrangementet vert helde kvar år i januar, og fokuserer på presentasjonar som er gitt i løpet av det føregåande året. Her vert alle PhD-stipendiatar og post doktorar ved institusjonane invitert til å sende inn posterar og / eller munnlege presentasjonar dei har helde i løpet av føregåande år. Forskarskulen står så for printing og opphenging av posterar. Det er slik sett ikkje naudsynt for deltakarane å lage noko nytt; målet er at dei skal presentere nokon dei allereie har presentert på

ein nasjonal eller internasjonal konferanse. Det heile vert såleis eit «lav-terskel»-tilbod der det skal koste minimal innsats / arbeid å melde seg på, og der kvar PhD student får muligheit til å oppdatere seg på medstudentar og andre kollegaer si forskning

Sjølve arrangementet er tredelt. Dag 1 består av posterpresentasjonar, Dag 2 består av munnlege presentasjonar, medan det vert helde ein kort premieseremoni på den tredje dagen. For å gi maksimal eksponering, både til fagmiljøa og andre helsearbeidarar og forbipasserande (pasientar og pårørande), vert posterane hengt opp i foajéen på sentralblokka på Haukeland universitetssjukehus.

I år vart arrangement helde 24-26. januar 2018, der det i alt vart presentert 33 posterar. Dag 1 var avvikla ved at posterane vart delt inn i 4 sesjonar med 6-9 posterar pr. sesjon. Kvar presentatør fekk 5 minutt til disposisjon, kor 3 skulle brukast til å fortelje om posteren og 2 skulle gi rom for nokre få spørsmål frå tilhøyrarane. I tillegg til kollegaer er det tradisjonelt òg ein jury som er med heile dagen og som har som oppgåve å kåre dei tre beste posterane. Desse tre mottar pengepremiar på høvevis 5000, 3000 og 2000 kroner. Juryen består i hovudsak av seniore personar frå miljøet på institutta og sjukehuset (dvs. personar på professor / senior forskar - nivå), og det er ikkje uvanlig at institutt-leiarar er med i juryen. Dette var òg tilfellet ved årets arrangement, der instituttstyrar for K2 var med i juryen for posterpresentasjonar.

Tiltak og målsetting

Det overordna målet med arrangementet Årets forskingspresentasjonar, slik det pr i dag har vore organisert, er å stimulere til økt interaksjon mellom PhD-stipendiatar og post doktorar, og å gi desse eit ekstra høve, og ein arena til å møte og sette seg inn i dei prosjekta som kollegaer på institutta jobbar med. I kor stor grad dette målet vert nådd er vankselig å undersøke/måle, men det er uansett ønskelig å sette inn tiltak for å stimulere til auka interaksjon, faglige diskusjonar mellom deltakarane, og auka samarbeid på tvers av forskingsgrupper.

Med dette formålet for auge, vart det gjennomført eit konkret tiltak i samband med posterpresentasjonane ved årets arrangement: Alle som presenterte poster, vart bedne om å stemme på beste poster (utanom sin eigen). Med dette enkle grepet vart det såleis innført ei fagfelle-vurdering av alle posterane som vart presentert. Fagfelle i denne samanhengen vert då andre PhD-studentar og post doktorar, i motsetnad til den vanlige juryen / evalueringskomitéen som består av meir seniore forskarar.

Den underliggjande tanken bak dette tiltaket var at dette ville inspirere presentatørane til å lytte meir aktivt på dei andre som presenterte poster, og i tillegg bruke meir tid og innsats på å lese dei ulike posterane. I tillegg var tanken at dette ville medføre større interesse for å stille spørsmål, diskutere og avklare potensielle uklarheter ved enkelt posterar og / eller presentasjonar, og såleis auke dei faglige interaksjonane mellom deltakarane. Det var òg eit klart mål at dette ville medføre betre interaksjon på tvers av fagfelt. Dvs. at ein ikkje berre sette seg inn i posterar ein i *utgangspunktet* syntes var interessant, men at ein òg måtte sette seg nøyare inn i posterar frå andre fagfelt, og forhåpentligvis fatte interesse for nye problemstillingar.

I tillegg var det eit mål at dette tiltaket ville forsterke den rolla forskarskulen har som tilretteleggar for personlege kontakter. Målet var at auka diskusjon rundt posterane skulle gjere at deltakarane vart betre kjende med kvarandre og at dette såleis skulle bidra til ein fellesskapskjensle og ein sosiokulturell læringseffekt i samband med forskarskulen, som

deltakarane ville kunne ha nytte av i andre læringsaktivitetar både innafor og utanfor forskarskulen sin regi.

Metode

Samtlige som presenterte poster under arrangementet på Dag 1 fekk utdelt eit kort spørje-skjema (vist på s. 3) som dei vart bedne om å svare på anonymt og legge i stemmeurne som var plassert i lokalet. I tillegg til spørsmålet om beste poster (som nemnt under tiltak) vart alle spurt om dei sjølv trudde tiltaket hadde nokon effekt, samt to bakgrunnsspørsmål angående tidligare deltaking på arrangementet, og deira syn på om fagfelle-basert kåring ville gi andre resultat enn dei frå den tradisjonelle juryen.

Det utdelte spørjeskjemaet bestod av følgjande spørsmål, der spørsmål nr. 3 var det sentrale mtp. studentane/deltakarane si eiga evaluering av om tiltaket hadde hatt ønska effekt:

<p>1. Which poster do you vote for as the best poster (your own poster excluded)?</p> <p>Poster no. : _____</p> <p>2. Do you believe that the results based on presenters voting for each other's posters will be different from the results of the jury consisting of senior researchers and professors?</p> <p><input type="checkbox"/> Yes <input type="checkbox"/> No</p> <p>3. Did you interact more with your peer-PhD-students / postdocs, now that you were to vote for best poster, than you would have if the evaluation was left only to a committee of seniors?</p> <p><input type="checkbox"/> Yes <input type="checkbox"/> No</p> <p>4. Have you presented a poster at the annual presentations of the Research School previously?</p> <p><input type="checkbox"/> Yes <input type="checkbox"/> No, first time this year</p>

I tillegg til informasjonen som vart henta inn ved spørjeskjema, vart det utført observasjonar i lokalet der poster-presentasjonane føregjekk på Dag 1 av arrangementet. Både oppmøte og «flyt» av deltakarar som gjekk til og frå arrangementet, samt grad av interaksjon mellom deltakarane vart notert. Desse observasjonane vart ikkje kvantitert i detalj, men likevel utført for å kunne få ha ei viss semi-kvantitativ oversikt over mulig avvik mellom deltakarane sine egne opplevingar og det som vart observert av ein uavhengig observatør.


Resultat

Spørjeskjema

På Dag 1 av arrangementet var det 33 deltakande poster-presentatørar. Alle som presenterte poster fekk utdelt spørjeskjemaet (vist over) umiddelbart etter sin eigen presentasjon. Frå dei 33 deltakarane fekk ein inn 25 utfylte skjema, og alle desse 25 hadde svara på alle fire spørsmåla. Ingen innleverte spørjeskjema vart forkasta pga. tvetydighet eller liknande; alle 25 vart tekne med i evalueringa av resultat.

Spørsmål 1:


Stemmene for beste poster var relativt breitt fordelt utover dei fleste bidrag, med berre 13 posterar som ikkje fekk stemmer i det heile (figur 1). Ingen av posterane nådde meir enn 15% av stemmene, men det var likevel to posterar som skilde seg litt ut, poster 17 og 32, der poster nummer 32 vart kåra til vinnar i fagfelle-vurderinga.



Figur 1. Stemmedfordeling ved fagfelle-vurdering av posterar

Spørsmål 2:

Av dei 25 svara var det 18 (72%) som meinte at resultatane frå fagfelle-avstemmingane ville gi andre resultat enn evaluering av posterane gjort av ein senior komité, medan berre 7 meinte at dei to vurderingane ikkje ville skilje seg frå kvarandre (figur 2). I etterkant viste seg at fleirtalet hadde rett i dette; vinnaren av fagfelle-vurderinga var ikkje blant dei tre posterpresentasjonane som fekk 1, 2, eller 3. pris av juryen bestående av seniorar.




Figur 2. Andel deltakarar som svara «Ja» og «Nei» på spørsmålet: *Do you believe that the results based on presenters voting for each other's posters will be different from the results of the jury consisting of senior researchers and professors?*

Spørsmål 3:

Det mest sentrale spørsmålet i dette arbeidet var spørsmål 3. Under dette spørsmålet vart deltakarane bedne om å sjølve evaluere om dei syntes tiltaket hadde nokon effekt i form av auka interaksjon med kollegaer under arrangementet. Spørsmålet var ikkje stilt slik at ein skulle svare på om ein syntes tiltaket gav auka interaksjon generelt blant alle (andre), men var formulert meir spesifikt til kvar enkelt deltakar; «Did you interact more....».


Resultata viste at 8 deltakarar svara «ja» på dette spørsmålet, medan eit tydelig fleirtal på 17 deltakarar svara at dei ikkje opplevde det slik (figur 3).



Figur 3. Andel deltakarar som svara «Ja» og «Nei» på spørsmålet: *Did you interact more with your peer-PhD-students / postdocs, now that you were to vote for best poster, than you would have if the evaluation was left only to a committee of seniors?*

Spørsmål 4:

For å få litt bakgrunnsinformasjon mtp. kva for samanlikningsgrunnlag deltakarane hadde då dei svara på spørsmål 3, inneheldt spørjeskjemaet òg spørsmål 4, der ein vart beden om å oppgje om ein hadde delteke ved «årets forskingspresentasjonar» tidligare år, eller om dette var første gong ein deltok. Blant dei 25 som presenterte og svara på undersøkinga var det 7 stk. som svara at dei hadde presentert på tilsvarande arrangement tidligare, medan 18 svara at årets arrangement var første gong dei hadde presentert (figur 4).




Figur 4. Andel deltakarar som svara «Ja» og «Nei» på spørsmålet: *Have you presented a poster at the annual presentations of the Research School previously?*

Stratifiserte svar:

Ettersom ein så stor andel av deltakarane ikkje hadde vore med på tilsvarande arrangement tidligare, var det eit usikkerhetsmoment om korvidt desse hadde eit adekvat referansegrunnlag for å svare på spørsmål 3. For dette fleirtalet som ikkje hadde delteke tidligare, kan det stillast spørsmål ved om dei svara basert på det dei *trudde* ville være forskjellig, medan dei som hadde delteke før svara ut frå ei meir reell vurdering / erfaring. For å prøve å adressere dette vart derfor svara frå spørsmål 3 analysert på nytt, der dei vart stratifisert etter svara på spørsmål 4. Mao. Svaret på om deltakarane syntes tiltaket hadde effekt vart stratifisert basert på om deltakarane hadde delteke tidligare eller ikkje, og såleis om dei hadde erfaring med arrangemente der berre den tradisjonelle ordninga med senior-jury vart nytta.

Av dei 18 som ikkje hadde delteke på tilsvarande arrangement tidligare, var det ei relativt jamn fordeling mellom dei som svara «Ja» på spørsmål 3 (8 stk.) og dei som svara «Nei» (10 stk.; figur 5). I motsetnad til denne jamne fordelinga, var det, blant dei 7 som hadde delteke tidligare, slik at alle 7 svara «Nei», dvs. at dei meinte tiltaket ikkje hadde hatt effekt (figur 5).



Figur 5. Andel deltakarar som svara «Ja» og «Nei» på spørsmålet: *Did you interact more with your peer-PhD-students / postdocs, now that you were to vote for best poster, than you would have if the evaluation was left only to a committee of seniors?* blandt førstegongsdeltakarar (øverste panel) og blandt deltakarar som hadde delteke på presentasjon tidligare år (nedste panel).

Observasjonar

Som nemnt under Bakgrunn og setting, var Dag 1 med posterpresentasjonar delt i fire sesjonar med pause mellom kvar sesjon. Det som vart observert under aktivitetane denne dagen, var eit svært tilfredstillande oppmøte innafor kvar sesjon. Alle som hadde presentasjon var, nesten utan unntak, tilstade gjennom heile sesjonen der ein sjølv presenterte, og fekk dermed med seg presentasjonane til sine fagfeller i same sesjon. Imidlertid var det relativt stort fråfall mellom sesjonar, mange deltakarar gjekk frå-, eller kom til lokalet i pausane. Relativt få deltakarar var tilstades gjennom heile dagen. Av total-talet på deltakarar i løpet av dagen (33 stk.) kan ein anslå at det gjennomsnittlige talet på deltakarar tilstade til ein kvar tid var omlag halvparten (ca. 15stk.) tilstades.

Med tanke på interaksjonar var dette tilsynelatande litt avgrensa. Under presentasjonane, var det få spørsmål frå andre deltakarar; dei fleste spørsmål kom frå juryen. Utanom sjølve presentasjonen var det fleire deltakarar som gjekk rundt og leste posterar, men graden av spontane diskusjonar undervegs kunne virke noko avgrensa.

Det vart òg observert at mange av deltakarane fylde ut spørjeskjemaet relativt raskt etter at dei fekk det utdelt. Det virka ikkje som mange tok seg god tid til lese posterar og diskutere med fagfeller før dei gjorde utfylling og innlevering av spørjeskjema.

Diskusjon

I sjølve stemmegivinga (fagfellevurdering av beste poster), var stemmene relativt breidt fordelt, og det var ikkje slik at ein poster utmerka seg med veldig mange fleire stemmer enn dei andre. På den eine sida kan dette tyde på at dei presenterte posterane var av ganske jamn faglig kvalitet. Men eit slikt resultat kan òg være forårsaka av at deltakarane stemde på posters som tematisk låg tett opp til eige fagfelt, og at fordelinga vart jamn fordi det var mange fagfelt representert. Dersom den siste forklaringa er riktig kan dette indikere at tiltaket, som var meint å auke interaksjon mellom ulike fagfelt, ikkje har vore oppnådd i så stor grad som ønskelig. Stemmegjeving «innad» i eit fagfelt kan mistenkast av to grunnar: Det kan være eit utslag av rein «taktisk» stemmegiving der ein stemmer på kollegaer eller vener innan same felt, for å promotere desse, men like trulig kan det være resultat av at ein føler seg tryggare på kvaliteten i eit arbeid innan eit felt ein sjølv har kunnskap om, og derfor vel å gi stemme innad i eige eller nærliggjande felt.

På spørsmål 2, var det eit fleirtal som trudde at resultatata frå fagfelle-vurderinga ville bli annleis enn resultatata frå juryen samansett av seniore forskarar. Dette viste seg i etterkant å være riktig. Posterar som fekk flest stemmer i fagfelle-vurderinga, var ikkje blant dei 3 som fekk 1-, 2-, eller 3 pris av senior-juryen. Når det gjeld årsakene til dette utfallet, så er dei usikre, men dersom td. faktoren skildra over (stemmegjeving på posterar innan eige fagfelt) har vore gjeldande for fagfellevurderinga, kan det hende at forklaring ligg her: Det er kanskje større grunn til å tru at den seniore juryen, basert på si erfaring, var meir bevisste på å vurdere uavhengig av fagfelt.

Resultata frå spørsmål nummer 3 var det mest sentrale punktet for tilbakemelding frå studentane mtp. deira oppfatning av tiltaket. Her gav eit klar fleirtall av deltakarane uttrykk for at tiltaket ikkje hadde hatt nokon effekt på korleis dei interagererte med fagfeller under arrangementet. Dette resultatet var til dels overraskande, men likevel ein relativt tydelig

tilbakemelding på at tiltaket ikkje hadde den positive effekten på interaksjon mellom fagfeller, som var intensjonen med tiltaket.

Når det gjeld årskane til dette utfallet er desse usikre, men ein kan spekulere: I utgangspunktet tilseier logikk at tiltaket burde ha ein positiv/ønska effekt, og det kan derfor være tilhøve ved gjennomføringa av arrangementet som gjorde at tiltaket ikkje hadde den ønska effekten. Eit klart viktig faktor i denne samanhengen var det faktum at ikkje alle deltakarane var til stade gjennom heile dagen, men i hovudsak berre var tilstades under den sesjonen der ein sjølv skulle presentere. Dersom alle hadde vore tilstade heile tida ville det vore meir tid både til diskusjon og til å skaffe seg ein meir reell innsikt i det faglige innhaldet i dei andre posterane. Når dei fleste berre var tilstades under eigen sesjon, vart innsikta i dei andre posterane avgrensa til kortare sveip for å få med seg hovudtrekka. Ein tydelig trend som vart observert under utdelinga av spørjeskjemaet var at mange av deltakarane fylde det ut umiddelbart etter at dei fekk det utdelt. Ein kan såleis stille spørsmål ved om ein del av deltakarane fylde ut skjemaet utan å egentlig å ha sett seg inn i dei andre posterane. Igjen kan dette ha hatt med tidsbruk å gjere under arrangementet (at mange berre ønske å være der i eigne sesjon, for så å gå tilbake til andre arbeidsoppgåver), men det kan òg tenkast at ein burde ha informert deltakarane betre på førehand. Om man / forskerskulen hadde vore flinkare til å informere om fagfellevurdering på førehand, kan det hende at deltakarane hadde vore meir bevisste på at dei skulle bidra med dette, og at dei hadde vore meir motiverte for slik type vurdering. Såleis, er det mulig at tiltaket vil kunne ha betre effekt dersom det vert repetert neste år, når i alle fall nokon av deltakarane vil være kjende med det, etter å ha delteke på årets arrangement.

Vidare mtp. spørsmål nummer 3, så kan ein i ettertid sjå at dette potensielt ikkje var optimalt formulert. Formuleringa «Did you interact more with your peer-PhD-students / postdocs, now that you were to vote for best poster, than you would have if the evaluation was left only to a committee of seniors?» legg indirekte til grunn at studentane har eit samanlikningsgrunnlag, dvs. har gjennomført ein tilsvarande presentasjon der det ikkje var fagfellevurdering. Dette viste seg å være tilfelle for berre 7 av dei 25 som svara på spørjeskjemaet. For dei resterande 18 kan ein derfor sjå for seg at spørsmålet vart litt annleis lada: For desse 18 vart det meir eit spørsmål om dei *antok* at tiltaket hadde hatt effekt i forhold til korleis dei ellers ville *tenke seg* at interaksjonen med fagfeller hadde fortona seg utan fagfellevurdering. Basert på denne potensielle ulikheten mellom dei 25 respondentane var av interesse å sjå på svarfordelinga separat i dei to gruppene (førstegongs-presentørar og dei som hadde vore med tidligare). Ein kunne anta at svara frå dei som hadde vore med før, og dermed hadde eit referansegrunnlag for å evaluere tiltaket, ville gi eit meir korrekt bilde av effekten av tiltaket. Her var det verdt å merke seg at ingen av dei 7 deltakarane som hadde vore med tidligare meinte at tiltaket hadde nokon positiv innverknad på deira interaksjon med fagfeller. Den naturlige tolkinga av dette funnet er at det tyder på at den opplevde interaksjonen studentane i mellom ikkje var betre dette året enn føregåande år. Dersom ein skal spekulere i alternative forklaringar, kan ein tenke seg at dei deltakarane som hadde vore med tidligare år er dei mest seniore og satte studentane, og at desse er mindre opne for / interesserte i andre fagfelt. Imidlertid har ein ikkje data i denne studien som kan avklare denne potensielle ulikheten mellom dei to gruppene.

Basert på resultatata i denne undersøkinga og den totale tolkinga av dei, vil det være fornuftig å sette inn ytterligare tiltak for å oppnå den ønska effekten med auka interaksjon mellom deltakarane. Det er nærliggjande å anta at ein nøkkel-moment i denne samanhengen, er å få fleire av deltakarane til å verte ved arrangementet heile dagen det føregår. Dette for at alle skal få med seg alle poster-presentasjonane, og at det vert god nok tid til å diskutere med fagfeller. Eitt alternativ for å holde på folk gjennom heile arrangementet kunne vore å holde det på ein

annan stad, slik at deltakarane i større grad var inneforstått med at dei måtte tilbringe dagen der, og ikkje vart distraherert av andre oppgåver. I staden for å holde arrangementet på Haukeland sjukehus, kunne ein såleis reist ut av Bergen, eller evt. holdt dagen på eit hotell i Bergen sentrum. Faren ved ein slik organisering vil imidlertid være at ein beveger seg vekk frå «lav-terskel»-profilen, og at fleire av dei som deltok på årets arrangementet ville avstå frå å stille påfølgande år dersom det vert eit større arrangement utafor campus.

Konklusjon

Tiltaket vart gjennomført som planlagt, og evalueringa basert på respons pr. spørjeskjema vert ansett som representativ for deltakarane. Basert på tilbakemeldingane frå deltakarane, hadde ikkje tiltaket ønska effekt. Imidlertid bør tiltaket truleg prøvast igjen med betre førehandsinformasjon til deltakarane, og evaluerast på nytt.